

REGULERINGSFØRESEGNER

TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL AV HOLMEN GNR 44 BNR 7 - KVÅLSØYRÆ

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som planen viser.

§ 1. Byggeområde (§ 25.1 ledd nr 1).

Område for forretning / kontor / industri / bustad

Eksisterande bygg kan nyttast til industri- og handverksverksemd, verkstad, forretning, kontor og lager. I eksisterande bygg kan det innreist bueiningar. Bygget skal tilknytast kommunalt leidningsanlegg for vatn og avløp.

Område for industri / lager

Nye bygg og tilbygg kan oppførast innafor byggjegransene og skal tilpassast eksisterande bygg m.o.p. materialbruk, takform og farge.

Den ubebygde delen av arealet skal ikkje nyttast til tilfeldig lagring eller oppsamlingsplass for bil. Området skal gje eit godt visuelt inntrykk.

Område for miljøstasjon.

Område for miljøstasjon skal vera avsperra med gjerde og låst utanom opningstida.

Det kan tillatast oppføring av bygg i tilknytning til drifta av miljøstasjonen. Nye bygg skal tilpassast eksisterande bygg i utforming og fargeval.

All lagring/mellomlagring av avfall skal vera i samsvar med gjeldande lov og forskrift.

Vassdraget Gauro skal sikrast mot ureining frå miljøstasjonen. Plan for sikring skal liggje føre og sikringstiltaka må vera i drift før miljøstasjonen vert etablert.

§ 2. Landbruksområde (§ 25.1 ledd nr 2).

Område skal nyttast til landbruk

§ 3. Off. trafikkområde (§ 25.1 ledd nr 3).

Avkjørsle.

Avkjøring til planområde er via eksisterande privat veg til Hauge og eksisterande avkjørsle frå Fylkesveg 300.

Køyreveg

Eksisterande interne køyreveggar er vist på plankartet.

§ 4. Spesialområde – grøntbelte i industriområde (§ 25.1 ledd nr 6).

På friområdet vert det ikkje tillete oppføring av murar, gjerde eller andre bygningsmessige tiltak. Det skal ikkje nyttast til parkering eller lagringsplass. Friområde kan nyttast til å ta opp terrengmessige høgdeforskjellar. Skjeringar skal avtrappast og beplantast. Området skal ha mest mogleg stadeigne planter.